

Referat styremøte Bryggja utviklingslag

Måndag 11. Februar 2019

Desse møtte: Øystein S. Hessevik, Geir T. Engdal, Sigurd Olav Husevåg,
Gunnar Totland Olsen, Ronny Bergesen (1.vara)



Sak1- Godkjenning av referat frå forrige møte.

- Referat godkjent.

Sak2- Søholmen.

- Det blir sett opp dugnad med skogrydding laurdag 16. februar.
- Det vert på ny søkt om midlar til reparasjon av taket på do-bygget, sidan dette ikkje vart gjort i 2018. I same søknad ligg der også inne midlar til meir skoging, slåttarbeid og stirydding.
- Rapport for aktivitet på Søholmen vert sendt til kommunen i veke 8.

Sak3- Buldrevegg

- Vi er godt i gang med buldreveggen i grendahuset.
- Vi tok og opp at det ikkje alltid er like lett med disponeringa av huset for bruk utenom fast aktivitet, dette er noko vi ønsker å forenkle.

Sak4- Årsmøte.

- Årsmøte i BU vert den 04.04.2019 klokka 19:00 på Bryggja Omsorgsenter
- Geir sender ut innkalling i avisa.

Sak5- Bryggja Skule AS.

- Vi har oppfatta at der er noko uro rundt tilsetting av rektor på Bryggja skule, vi vil derfor be styret i Bryggja Skule AS om å gjere greie for saka.
- Det kan og sjå ut som om at det er uklare forhold rundt ansvar- og oppgåvefordeling på BS. Vi ber om at det vert gjort greie for kva ansvars- og oppgåvefordeling som er mellom styremedlem og tilsette på skulen.

Med bakgrunn i dette, krev styret i BU at det vert avhalde ekstraordiner generalforsamling med vedtektsendring og val av styre. Sjå vedlagt brev til Bryggja Skule AS datert 11.02.19

Øystein S. Hessevik

Geir T. Engdal

Ronny Bergesen (1.vara)

Sigurd Olav Husevåg

Gunnar Totland Olsen

Referent: Sigurd Olav Husevåg

Bryggja Utviklingslag
6711 BRYGGJA

Bryggja 11. februar 2019

Bryggja Skule AS
6711 BRYGGJA

Krav om ekstraordinær generalforsamling i Bryggja Skule AS

Bakgrunn: Bryggja Utviklingslag har oppfatta at det er uro rundt spørsmålet om tilsetting av rektor ved Bryggja Skule AS, og at det for Bryggja Utviklingslag kan sjå ut som om at det er uklare forhold rundt styreoppgåver, leiaransvar og oppgåvefordeling på skulen. Som den største eigaren i selskapet ynskjer vi ein tydleg kommunikasjon, klår leiarstruktur og profesjonell fagleg leiing, slik at der ikkje er i tvil om kva slags fullmakt og mandat som gjeld på dei ulike nivåa i organisasjonen.

Krav om orientering til eigarane: Med bakgrunn i det overståande ber vi styret i Bryggja Skule AS gjere greie for ansvar og oppgåve-fordeling mellom styret, leiing og dei tilsette ved skulen.

Då alle eigarar har lik rett på all informasjon frå styret til eigarane, krev vi at denne informasjonen vert lagt fram på i ei generalforsamling.

Krav om generalforsamling: Bryggja Utviklingslag krev med dette at det vert halde ekstraordinær generalforsamling i Bryggja Skule AS jamfør Lov om aksjeselskaper (aksjelova) § 5-6 andre ledd.

Vi krev at følgjande saker vert å handsame i denne rekkefølga på den ekstraordinære generalforsamlinga:

- Vedtektsendringar (Styresamansetjing og val av styreleiar)
- Val av nytt styre (I henhold til utfallet av vedtektssaka over)

Ein viser til at det noverande styret er eit interim-styre som ikkje er generalforsamlingsvald.

Om det noverande styret sjølv vel å avhalde ekstraordinær eller ordinær generalforsamling innan fristen som aksjelova gjev med tanke på å skipe til ekstraordinær generalforsamling etter vårt krav, er dette heilt akseptabelt for oss, så fremt at begge sakene over vert sett på sakskartet og i same rekkefølge.

Vi ber om umiddelbar stadfesting på at dette kravet er motteke av selskapet. Dette med tanke på fristane gjeve i aksjelova.

Med venleg helsing

Øystein S. Hessevik
leiar Bryggja utviklingslag

Geir T. Engdal
nestleiar Bryggja utviklingslag